



Foto: Dio Hasbi Saniskoro fra Pexels.com

# Frivilligpolitisk plattform

## Sogndal kommune 2020-2024

**Høyringsutkast** – uttalefrist 20. november 2020

**Plattforma skal vedtakast i kommunestyret 10. desember 2020**

### Innhaldsliste:

1. Innleiing
2. Visjon og verdiar
3. Sogndal sine mål ved å samarbeide med lag og organisasjonar
4. Organisasjonane si rolle og rammevilkår
5. Frivilligsentralane
6. Involvering og forankring
7. Om tiltaksplanen og kommunale kulturmidlar
8. Vedlegg
  - a. Tiltaksplan for 2021 - 2023
  - b. Retningsliner for tildeling av kulturmidlar

## Innleiing

Sogndal kommune skal vera eit lokalsamfunn der innbyggjarane er opptekne av å samarbeida for å skapa utvikling og framgang både for enkeltmenneske, organisasjonar og verksemder. Frivillig arbeid er med å skapa eit aktivt og levande lokalsamfunn, og er slik ein viktig del av Sogndal-samfunnet.

Melding til Stortinget, nr. 10 (2018-2019):

*«For å dyrke fram en levende frivillighet er det viktig at hver kommune har et gjennomtenkt forhold til egen frivillighet og at frivilligheten blir sett på som en naturlig samtale- og samarbeidspartner.»*

Sogndal kommune si frivilligpolitiske plattform er utarbeida av kommunen, frivilligsentralane og eit utval sett ned av komité for samfunnsutvikling. Framlegget var òg sendt ut på høyring til lag og organisasjonar i kommunen.

Initiativet om å utarbeide plattforma kom frå kommunestyret i nye Sogndal kommune i desember 2019. I mandatet til utvalet står det:

*«Sogndal kommune skal, saman med frivillige lag, organisasjonar, frivilligsentralane og andre relevante aktører, i løpet av 2020 utarbeide ein frivilligpolitisk plattform. Plattforma skal innehalde mål, strategiar og tiltak for korleis kommunen kan legge best mogeleg til rette for frivillig arbeid, og korleis kommune og frivillighet vil samhandle framover»*

Kommunestyret vedtok òg at plattforma skal ivareta særprega til dei ulike delane av kommunen.

## Relevante omgrep:

### Frivillig innsats/arbeid

Uløna innsats gjort av fri vilje som kjem individ eller grupper, utanfor eige hushald, til gode.

### Frivillig arbeid

Frivillig innsats/frivillig arbeid.

### Frivillige organisasjonar

Allmennytige og ikkje-kommersielle (ideelle) organisasjonar.

### Frivillig sektor

Felles namn for frivillige organisasjonar og den øvrige frivillige innsatsen.

### Sosiale partnarskap

Samarbeid mellom ein teneste stad og ei bedrift og/eller organisasjon som pliktar seg til å utføra eit nærmare definert «frivillig arbeid» (slike avtalar vert t.d. formidla gjennom Frivilligsentralen).

## Visjon og verdiar

Sogndal kommune sine verdiar;

**Samskapande, Open, God og Nysgjerrig – til saman blir det SOGN.**

Desse verdiane tek Sogndal kommune med seg inn i alle deler av verksemda - slik òg i vår frivilligpolitisk plattform.

## Sogndal sine mål i samarbeidet med lag og organisasjoner

Samarbeid bygd på denne plattforma skal

- medverka til at kommunen utviklar ei heilskapleg tilnærming til frivillig sektor gjennom ein frivilligheitspolitikk.
- stimulera til eit mangfald av inkluderande organisasjoner og meir aktivitet i frivillige organisasjoner lokalt.
- gjere frivillige organisasjoner og kommunen medvitne om at deltaking i organisasjonslivet har viktige meirverdiar.

Det skal vera enkelt å vera frivillig og driva frivillig arbeid i Sogndal kommune. Kommunen sitt mål for samarbeid med frivillig sektor legg til grunn at frivillig arbeid skal bidra til sosial integrasjon og styrke tilknyting til lokalmiljøet.

Frivillig arbeid i kommunal regi, som gjennom frivilligsentralane, skal m.a. bidra til å etablera sosiale nettverk for utsette grupper, førebyggja sjukdom, einsemd og sosiale problem og skape trivsel og tryggleik.

Det er viktig at kulturpolitikken er medviten den avgjerande tydinga frivillig verksemd har for allmenn livskvalitet, og som viktig føresetnad for det profesjonelle kulturlivet.

Kommunale tilskot til frivillige organisasjoner skal bidra til å førebyggja samfunns- og ungdomsproblem, inkludere minoritetar, styrka fellesskapet og styrka medansvar, solidaritet og samfunnsansvar gjennom deltaking i det frivillige organisasjonslivet.

Lag/organisasjonar og kommunen har eigne – men og nokre eigne mål. Samarbeidet mellom dei frivillige må vera slik at ingen av partane si måloppnåing vert hindra.

## Organisasjonane si rolle og rammevilkår

Frivillig arbeid er ein uavhengig og sjølvstendig sektor, ein stad mellom næringsverksem og offentlege oppgåver. Frivillig sektor må anerkjennast på lik line med dei andre sektorane i samfunnet. Samarbeid og samhandling mellom offentleg og frivillig sektor skal byggja på likeverdig partnarskap og gjensidig respekt for kvarandre sine rollar.

Offentleg og frivillig sektor har ulike, men komplementære rollar i samfunnet. Samarbeidet mellom sektorene må byggja på prinsipp om at frivillig sektor skal supplera - og ikkje erstatta offentlege tenester.

Frivillige organisasjoner i Sogndal kommunen kan til delast inn i kategoriene *idrett og friluftsliv, musikk, ungdomsorganisasjonar utanom idrett og musikk, vaksenorganisasjonar utanom musikk og idrett, velforeiningar/grendelag og organisasjonar som yter tenester*.

Mangfaldet i frivillig sektor er ein verdi i seg sjølv, og ein viktig årsak til at så mange deltek i slik aktivitet. Mangfaldet må ivaretakast gjennom ulike typar verkemiddel for ulike delar av frivillig sektor.

Det er med dette som bakgrunn viktig at frivillig sektor har mest mogleg føreseielege rammevilkår, og dette må vi fellesskap arbeide for.

## **Frivilligsentralane**

I Sogndal kommune er det to frivilligsentralar. Den eine er lokalisert i Fjørevegen i Sogndal. Den andre er på Saften i Leikanger. Begge sentralane er kommunale og blir drifta av dagleg leiar lokalt på den einskilde frivilligsentralen.

Frivilligsentralane skal vera lokalt forankra og driftast ut frå lokale vilkår og behov. Aktivitetane skal bygge på frivillig innsats, bidra til å skape sosiale møteplassar, og legge til rette for frivillig verksemd. Sentralane skal vere brubyggjar mellom lag og organisasjonar, og vere eit kontaktpunkt og ein god nettverksbyggjar i det lokale miljøet.

Sentralane sin aktivitet byggjer på at det gode liv lokalt vert skapt i samarbeid mellom kommunen og innbyggjarane. Frivillig arbeid er ein ressurs for – og eit tillegg til, den kommunale tenesteytinga. Saman skapar me gode og inkluderande lokalsamfunn.

Frivilligsentralane skal også fungera som ein møteplass og brubyggjar mellom menneske, frivillige organisasjonar og det offentlege.

## **Involvering og forankring**

Føremålet med den politiske organiseringa i Sogndal kommune er at den skal sikre eit ope og styringsdyktig lokaldemokrati, med føreseielege og inkluderande prosessar og der alle kjenner sine rollar. Det skal vera brei deltaking i politiske prosessar, der innbyggjarane vert informerte og hørde, og folk i alle aldersgrupper og frå ulike miljø i heile kommunen skal ha innverknad på samfunnsutviklinga.

Dette er den prinsipielle bakgrunnen for at kommunen har desse råda; eldreråd, råd for menneske med redusert funksjonsevne, ungdomsråd, kulturråd, innvandrarråd og aktivitets- og friluftsråd.

## **Tiltaksplanen og kommunale kulturmidlar**

Ein viktig del av den frivilligpolitiske plattforma til Sogndal kommune er tiltaksplanen. Tiltaksplanen er eit sjølvstendig dokument som inneheld konkrete tiltak som er tufta på prinsippa som er skissert i denne plattforma.

Tiltaka omfattar blant anna kommunal stønad til frivillig sektor, tilrettelegging av møteplassar, høve for medverknad, kurs og opplæringstilbod. Sentralt er og dei kommunale kulturmidlane kommunen tildeler årleg.

## **Revisjon**

Plattforma skal vera eit relevant og levande dokument. Difor skal den reviderast kvart fjerde år. Dette skal skje innan 6 månader etter at nytt kommunestyre har konstituert seg. Tiltaksplanen skal gjennomgåast og oppdaterast kvar vår og som grunnlag som innspel til komande budsjett. Råda skal ha tiltaksplanen til uttale.

## **Andre relevante dokument:**

Sogndal kommune sin frivilligpolitiske plattform må vurderast i samanheng med desse dokumenta. tiltaksplan for frivilligpolitisk plattform, retningsliner for tildeling av kulturmidlar i Sogndal kommune, handlingsplanane til frivilligsentralane og plan for samfunnsutvikling – Sogndal kommune

# Framlegg

## Tiltaksplan for perioden 2021 - 2023

- Det skal etablerast frivilligsentral i Balestrand
- Mellom frivilligsentralane og leiarar for tenesteområda skal det etablerast eit fast årleg møtepunkt. Her skal eksisterande samarbeid vurderast og ev. nye samarbeidsområde gjennomgåast.
- Dei kommunale råda og frivillig sektor skal involverast ved utarbeiding og revidering av kommunale planar og handsaming av større saker.
- Det skal årleg gjevast eit tilbod i form av kurs/opplæring/assistanse i søknadsskriving. Tilboden går til lag og organisasjonar.
- Det skal etablere ein felles Frivilligportalen med oversikt over lag og foreiningar. Portalen skal også innehalde felles informasjon om frivillig arbeidet i kommunen, og oversikt over utstyr for utlån.
- Kommunen skal ha som prinsipp at bruk av kommunale bygg til organisasjonsarbeid skal vera gratis.
- Det skal i perioden etablerast digitale plattformar som Aktiv kommune, Friskus, Tilskotportalen og ev. andre digitale plattformar.

### **Under vilkår av tilslutnad i høyringsrunden, ynskjer utvalet at desse tiltaka skal innarbeidast i budsjettet for 2021**

- Etablere frivilligsentral i Balestrand
- Etablering av Aktiv kommune, Friskus, aktivitetskalender og andre digitale plattformar, med m.a. oversyn over lag og organisasjonar.
- Kurs/opplæring/assistanse i søknadsskriving.